

Nettmøte 5, produksjonstilskot



Statsforvaltaren i Vestland





Tema for timen

- Drift av jordbruksareal – kva er godt nok?
- Diskusjon om vesentlighetsgrense
- Bevaringsverdige storferasar



Oppfølging av spørsmål om drift av jordbruksareal

- Eksempel frå Aase – Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
- Tema på landbrukskonferanse i 2021
- Kva gjer vi med tilskot til slike areal?





Vanleg jordbruksproduksjon

Vanleg produksjon må sjåast i samanheng med aktiv drift

- Drifta skal ha næringsmessig preg.
 - Leveransene fra produksjonen skal stå i samsvar med på arealet det vert søkt tilskot til
 - Areal som skil seg ut frå området rundt. Avlingsnivået skal ikkje skilje seg vesentlig negativt ut frå tilsvarande produksjonar i område

Drift i tråd med vanleg god agronomi

- Arbeidsoppgåver og tiltak er gjennomført for å legge til rette for å hauste/beite ei god avling av høg kvalitet

Forskrift
om produksjonstilskudd
og avløsertilskudd i jordbruket


§ 2. Grunnvilkår

Tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på én eller flere landbrukseiendommer med de dyreslag eller de vekstgruppene det søkes tilskudd for, slik disse gruppene til enhver tid er definert i medhold av jordbruksavtalen.



Kva legg vi i aktiv drift av jordbruksareal?

- Må gjere tiltak som er nødvendige for å oppnå avling (beiting eller slått)
- Arealet framstår som i drift/stelt og ikkje dominert av ugras og attgroing
- Ulike forventningar i ulike område avhengig av arrondering og produktivitet











Minste areal

Minsteareal for å skille ut figurer med fulldyrka jord er 0,5 dekar. På fulldyrka jord skiller man ut figurer med "ikkje jordbruksareal" ned til 0,2 dekar.

Minsteareal for å skille ut figurer med *overflatedyrka jord* er 0,5 dekar. På overflatedyrka jord skiller man ut figurer med "ikke jordbruksareal" ned til 0,5 dekar.

Minsteareal for å skille ut figurer med *innmarksbeite* er 0,5 dekar. På *innmarksbeite* skiller man ut figurer med "ikkje jordbruksareal" ned til 1 dekar.



Innmarksbeite

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan brukast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt.

Eit innmarksbeite skal ha gras og urter med god fôrverdi som dyra sjølv haustar ved beiting. I tillegg skal det ha eit tydeleg kulturpreg.

Kulturpreg inneberer at arealet skal ha grasrik og engliknande vegetasjon. Arealet kan ha glissen tresetting der trea er oppkvista. Arealet skal også vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at det er godt tilgjengeleg for beitedyr.

Minsteareal for å skille ut figurer med *innmarksbeite* er 0,5 dekar. På *innmarksbeite* skiller man ut figurer med "ikkje jordbruksareal" ned til 1 dekar.



Innmarksbeite med rett på arealtilskot

For at eit innmarksbeite skal gje rett til arealtilskot, må det både vere klassifisert som innmarksbeite i AR5 og vere brukt som beite i inneverande sesong, jamfør reglar for produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet.

Kart må haldast oppdatert. Endringar som skjer i terrenget må også gjerast synlege i kartet slik at det gjev eit riktig bilde av dei faktiske forholda. Ved feil i karta er det alltid kommunen som skal kontaktast.



Oppsummering

- Skilje mellom klassifisering (AR 5) og bruk (produksjonstilskot) – må vere i aktiv drift for å ha rett på tilskot
- Må produsere fôr til slått eller beite – beitepussing åleine er ikkje drift
- Gjere tiltak når nødvendig for å oppnå god avling (pløying, beitepussing, sprøyting)
- Må vere balanse mellom dyretal og areal, nok beitetrykk
- Innmarksbeite som ikkje held krava kan omklassifiserast
- Areal kan setjast ute av drift (kode 292/ 293)
- Viktig å informere søkjaren slik at det kan setjast i verk tiltak



Vanleg produksjon og aktiv drift må sjåast i samanheng



Foto:

- Enkeltskifte kan vere ute av aktiv drift, men føretaket kan likevel totalt sett drive vanleg produksjon
- Viss enkeltskifte ikke vert drive aktivt, skal tilskotet til desse avslåast
- Viss føretaket ikkje driv vanleg jordbruksproduksjon, skal heile AK-tilskuddet til den aktuelle vekstgruppa avslåast
- Innmarksbeite kan omklassifiserast



Oppgåve «vesentlighetsgrense»

1. Føretaket har kryssa av for at dei ikkje har gjødslingsplan. Kommunen har avkorta 15% basert på retningsliner for «vesentlighet» i eigen rutine.

Spørsmål

- Er det rett med avkorting?
- I tilfelle ja, er størrelsen på avkortinga rett?

Har de *vesentlighetsgrenser*?



«Vesentlighetsgrense» for avkorting - Har kommunen høve til å lage egne sakshandsamingsreglar for avkorting?

- Vesentlighetsgrense er ikkje omtala i PT- regelverk
- Vesentlighetsgrense er omtala i økonomiregelverket – «*kontroll må tilpassast egenart samt risiko og vesentlighet*»
- *Vesentlighetsvurdering* ligg i risikovurderinga – må priorere saker som kan gi feilutbetaling av ein viss størrelse
- Ikkje hensiktsmessig med *vesentlighetsgrense* på eit gitt avkortingsbeløp
- Avkortingsbeløp må vurderast i kvart enkelt tilfelle - heilheitsvurdering



Bevaringverdige storferasar

Kuregisteret (NIBIO) – slektsdatabase for bevaringsverdige storferasar

Husdyrregisteret (Mattilsynet) – alle storfe skal vere registrert her

Kukontrollen (Tine)

Storfekjøttkontrollen (Animalia)

[Registrere i Kuregisteret – Nibio](#)

[6. Saksbehandling og kontroll – Landbruksdirektoratet](#)

[Oversikt over kontroller i eStil PT 2023 - oktober 23.pdf](#)



Forts bevaringsverdige storferasar

Kontakt søkjar og Norsk genressurssenter v/Kuregisteret ved feil i kontrollgrunnlaget, slik at opplysningane kan oppdaterast.

Sidan kontrollen er kjørt mot eit uttrekk frå Kuregisteret, vil ikkje stoppmeldinga i eStil oppdaterast når feilen er retta i Kuregisteret.

Sakshandsamar kan overstyre stoppmelding når det er sjekka at dyret har rett til tilskot og var registrert i Kuregisteret på teljedato.



NB!

Vanleg jordbruksproduksjon

- Bruk rapportane og følg opp føretak med låge leveransar
- NB! Berre 0 i leveranse som kjem ut med varsel i søknad!
- Mange med svært låg produksjon kan gå under «radaren»
- Dyrevelferd?



Takk for oss!

God jul!